

Innkalling til generalforsamling i Hosanger dampbåtbryggja søndag 30.5.2021 kl 17.00 i Mjøsdalen ungdomshus

Før sjølve generalforsamlinga tek til vil **administrativ leiar i Bergen og Omland Friluftsråd, Dag Seter**, fortelje litt om korleis dei jobbar, om deira engasjement på Osterøy og planane for Hosanger dampbåtbryggja. (Ca 20 minutt orientering og 10 minutt spørsmål/kommentarar).

Varsel om at me vil halde generalforsamling er sendt til ei rekkje aktuelle personar pr epost, via Facebook, via samtale, på heimesida til Vener av Mjøsvågen og ved annonsar i Bergens Tidende 03.03.2021 og Bygdanytt 02.03.2021.

Ingen luteigarar har innan fristen 20.03.2021 kome med framlegg til endring av saklista, endring av framlegg til vedtak og alternative framlegg til vedtak.

Registrering av frammøte. Dei som har/representerer meir enn 1 røyst, vil få ein lapp der det står kor mange røyster dei har. Registrering av dei som måtte møte med skriftleg fullmakt frå luteigar. Det vert oppmoda om å melde inn slike fullmakter på førehand.

Formannen ynskjer vel møtt og orienterer om saklista. Frå statuttane/lovene: «Ved valg paa bestyrelse har hver aktionær 1 stemme, hvorimod sager vedrørende bryggens økonomi afgjøre ved stemmegivning efter aktie-beløberne.” Vedtak krev simpelt fleirtal (50%), inkludert vedtak om oppløysing. Det er berre vedtak om endring av statuttane som krev 2/3 fleirtal.

Godkjenning av innkallinga.

Val av møteleiar og av 2 personar til å underteikne protokollen.

Formannen orienterer om status og om framlegget om å overdra eigedomane/ avtalar til BOF.

Gjennomgang og godkjenning av rekneskapan frå 1.1.1989 – 31.12.2020.

Saldo i banken er 106.945,43. Overskottet for perioden er 88.294,54. Det har vore inntekter, hovudsakleg leigeinntekter, på 61.608,00, og renteinntekter på 28.347,54. Utgiftene har vore låge, 1.661,00, hovudsakleg tilbakekjøp av meierigrunnen og tinglysing av dette.

Då revisor Odd Tveiten er død, har formannen spurt Lars Magne Bysheim, og han har revidert og godkjent rekneskapan som er ført av Lars Mjøs.

Framlegg til vedtak (kvar lut har ei røyst, vedtak vert gjort med simpelt fleirtal): Generalforsamlinga godkjenner Lars Magne Bysheim som revisor og godkjenner rekneskapan 1.1.1989 – 31.12.2020.

Overdraging av laget sine eigedomar/avtalar til Bergen og Omland Friluftsråd, BOF.

Framlegg til vedtak (kvar lut har ei røyst, vedtak vert gjort med simpelt fleirtal): Hosanger dampbåtbryggja overdreg vederlagsfritt laget sine eigedomar/avtalar til Bergen og Omland Friluftsråd, BOF, i samsvar med intensjonsavtalen av 11.12.2020 og i samsvar med avtalar med berørte partar. Formannen har fullmakt til å fullføre tingingar med BOF og berørte partar og har fullmakt til å signere for overdraging av eigedomar og naudsynete avtalar.

Om bruk av laget sine pengar/ bankinnskot på ca kr 107.000

Framlegg til vedtak (kvar lut har ei røyst, vedtak vert gjort med simpelt fleirtal):

Formannen har fullmakt til å nytte laget sine pengar som må til for å gjennomføre generalforsamlinga sine vedtak og for å dokumentere laget si søge (trykkjekostnader mm). Resterande midlar vert overførte til BOF med vilkår om at dei skal nyttast til tiltak for å gjere Hosanger dampbåtbryggja betre/ meir brukarvenleg.

Avvikling av lutlaget Hosanger Dampbåtbryggja

Framlegg til vedtak (kvar lut har ei røyst, vedtak vert gjort med simpelt fleirtal):

Formannen har fullmakt til å gjennomføre dei aktivitetar og tiltak som skal til for å formelt oppløyse lutlaget Hosanger dampbåtbryggja. Aktuell dokumentasjon skal arkiverast hjå Osterøy museum.

Val av styre («Ved en generalforsamling vælges en bestyrelse paa 3 mand, der inder sin midte igjen udvælger formand og kasserer.” “Ved valg paa bestyrelse har hver aktionær 1 stemme”): Laget har ikkje valnemnd og styret kjem ikkje med framlegg til kandidatar. Lars Mjøs er villig til å ta attval dersom generalforsamlinga vedtek å overdra eigedomane til BOF.

Avslutning